

Miljøklubb - Rom for møte

Fitjar folkebibliotek er ein naturleg møteplass for alle innbyggjarane i Fitjar. Biblioteket ligg i Fitjar kultur og idrettsbygg, der også norskopplæring for innvandrarakar finn stad. Saman med Fitjar frivilligsentral har me i 2017 starta «Fitjarkompis», eit integreringstiltak der nye nordmenn møter Fitjarbuar med biblioteket som samlingsstad. Me har også starta språkkafe med møte ca 1 gang pr månad. Desse tiltaka er for vaksne.

Me ynskjer å bidra til integrering av barn og unge i denne gruppa ved å starte ein miljøklubb der innvandrarbarn vert invitert spesielt, saman med norske barn. Det overordna temaet er miljøvern, og ein kan knytte veldig mange element under dette. Eit eksempel å lage ting av resirkulert materiale, lære om solcelleenergi og vindkraft ved hjelp av byggesett, ha fokus på matsvinn, resirkulering osv.

Mål:

- 1.Integrering og knytte nye vennskap
2. Auka kunnskap om miljøvern for barna.

Miljøklubb.

Utgifter: honorar til kurshaldar. Utstyr til verkstad. Enkel servering.

Honorar kurshaldar	20 000,-
Utstyr verkstad	18500,-
Enkel servering	1500,-
Totalt	40 000,-

Mvh Silje Vågen Torbjørnsen

Fitjar folkebibliotek